OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
STATSRÅD Tord Lien

KONGELIG RESOLUSJON

**Tafjord Kraftproduksjon AS - Overføring av nedbørfeltene Øvre Koppane og Nausthorn til Tafjord 5 kraftstasjon, Norddal kommune**

Kongelig resolusjon av

(Foredratt av statsråd )

Olje- og energidepartementet
Statsråd Tord Lien

KONGELIG RESOLUSJON
Ref nr:
Saksnr: 14/1611
Dato: 24.04.2015

**Tafjord Kraftproduksjon AS - Overføring av nedbørfeltene Øvre Koppane og Nausthorn til Tafjord 5 kraftstasjon, Norddal kommune**

## Innledning

Tafjord Kraftproduksjon AS har flere kraftverk i Tafjordfjella i Norddal kommune. Selskapet har søkt om at nedbørfeltene Øvre Koppane og Nausthorn overføres til reguleringssystemet for kraftstasjonen Tafjord 5. Midlere årsproduksjon i Tafjord 5 er i dag ca 320 GWh. Overføringene vil gi en økning i produksjon på ca 6,6 GWh pr år.

Ingen av høringspartene har gått i mot tiltaket. NVE anbefaler i innstilling av 26.9.2014 at det gis konsesjon til de omsøkte overføringene.

## NVEs innstilling

"Tafjord Kraftproduksjon har bygd ut fleire kraftverk i Tafjordfjella. Foreliggande søknader gjeld overføring av nedbørfelta Øvre Koppane og Nausthorn ved Smettevatn til reguleringssystemet for kraftverket Tafjord 5. Det er utrekna ein samla auke i produksjonen i Tafjord 5 på omlag 6,6 GWh/år.

Tiltaka medfører inngrep i form av inntaksterskIar i elveløp og utsprenging for rørgate og overføringskanal.

Ingen av uttalepartane går i mot dei omsøkte tiltaka.

Overføringane av avrenninga frå nedbørfelta ved Øvre Koppane og Nausthorn ved Smettevatn til Tafjord 5 kraftverk er ei mindre utviding og optimalisering av eksisterande reguleringssystem i Tafjordfjella. Inngrepa knytt til tiltaka er relativt små og medfører etter NVE sitt syn avgrensa verknader for allmenne og private interesser. Etter ei samla vurdering tilrår NVE at tiltaka kan gjennomførast og vert knytt til gjeldande reguleringskonsesjon frå 1977.

---

NVE har motteke planendringssøknad frå Tafjord Kraftproduksjon for:
1. Øvre Koppane datert 09.09.2005:

> *"Tafjord Kraftproduksjon AS ønsker å utnytte tilsiget fra et felt på ca 1,5 km² til kraftproduksjon ved å ta vannet inn i tilløpstunnelen til Tafjord 5 i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker herved etter lov om vassdragsreguleringer om tillatelse til å bygge et bekkeinntak og en rørgate som beskrevet i søknaden."*

2. Nausthorn ved Smettevatn 04.04.2008:

*"Tafjord Kraftproduksjon ønskjer å utnytte tilsiget fra eit 0,95 km² stort nedbørfelt mellom Nausthorn og Heimste Smettevatn i Norddal, Møre og Romsdal, til kraftproduksjon.*

*Vi søkjer hermed etter vassressurslova § 18 (særskilt avgjerd om konsesjonsplikt) om løyve til å overføre tilsiget frå dette vatnet nedbørsfeltet til Fremste Smettevatn som er inntaksmagasin for kraftstasjon Tafjord 5."*

Frå søknaden for Øvre Koppane vert referert:

***" 1. Innledning***

*<u>1.1 Om søkeren</u>*
*Tafjord Kraftproduksjon AS er et heleid datterselskap av Tafjord Kraft AS. Selskapets virksomhet er vannkraftproduksjon og omsetning av elektrisk energi i engrosmarkedet. Selskapet eier og driver seks kraftstasjoner i Norddal kommune, samt to kraftstasjoner i Stranda kommune. 1 tillegg er selskapet medeier med 12% andel i Grytten Kraftverk i Rauma kommune og 21 % andel i Øvre Otta utbyggingen i Skjåk kommune. Midlere årsproduksjon er totalt ca 1200 GWh. Søsterselskapet Tafjord Kraftnett AS bygger, driver og vedlikeholder regionalnettet på nordre Sunnmøre, og distribusjonsnettet innenfor områdekonsesjonen som dekker kommunene Giske, Sula og Ålesund.*

*<u>1.2. Begrunnelse for tiltaket</u>*
*Tafjord Kraftproduksjon AS ønsker å utnytte tilsiget fra et felt på ca 1,5 km' i Øvre Koppane til kraftproduksjon ved å ta vannet inn i tilløpstunnelen til kraftstasjonen Tafjord 5. Formålet med utbygginga er økt kraftproduksjon og dermed økte inntekter gjennom en bedre utnyttelse av vannressursene innenfor det eksisterende reguleringsområdet.*

*En utnyttelse av feltet i Tafjord 5 er vurdert som gunstig av flere grunner:*

- *Tafjord Kraftproduksjon er grunneier og har fallrettene*
- *Utbyggingen kan utføres uten at natur og miljø blir påvirka i vesentlig grad*
- *Produksjonen vil foregå i eksisterende kraftverk.*
- *Prosjektet har fått unntak fra Samla plan behandling*

*<u>1.3. Geografisk plassering av tiltaket</u>*
*Utbyggingsområdet ligger i Tafjord i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke. Øvre Koppane ligger ca 5 km sør for Zakariasvatn.*

*<u>1.4. Dagens situasjon og eksisterende inngrep.</u>*
*Tafjordvassdraget (099.2) er allerede utbygd med seks kraftverk og flere regulerte vann.*

*Tafjord Kraftproduksjon har en taubane som går fra Rødalen til Øvre Koppane. I Øvre Koppane har vi et portalbygg ved påhugg for tverrslagstunnel til tilløpstunnel til Tafjord 5, samt en hytte/skutergarasje. Her ligger også en tipp. Det går også en 22-kV kraftlinje fra Rødalen over Øvre Koppane og videre innover fjellet. Tafjord 5*

*kjøres vekselvis fra to forskjellige inntaksmagasin. Det er Brusebotnvatn (HRV +1272) og Smettevatn (HRV +1154). Inntak av dette feltet tas inn i tunnel fra Brusebotnvatn. Midlere årsproduksjon i Tafjord 5 er i dag ca 320 GWh.*

## *2. Beskrivelse av tiltaket*

*2.1. Hoveddata*

*Det er planlagt å lage et inntak i bekken på ca kote 1250, ca 200 m ovenfor påhugget for tverrslagstunnel (portalbygg). Fra dette bekkeinntaket skal det legges rørgate til tunnelpåhugg og videre ca 700 meter inn i tunnelen til en tverrslagsport, der røret kobles til eksisterende tapperør gjennom betongpropp. For å få en overføringskapasitet på ca 500 l/s med rørdiameter 500 mm, må bekkeinntaket legges på ca kote 1250. Ved tverrslagsporten må røret ha en tilbakeslagsventil for å stenge for vannet ved drift fra Brusebotn, og ved lavbrekk må vi ha en tappeanordning for å kunne tømme røret.*

*Da Brusebotnvatn ligger høyere enn bekkeinntaket, kan en bare overføre vann når luka ved Brusebotnvatn er stengt. I den perioden vi har store tilsig i feltet i Øvre Koppane, fra begynnelsen av mai til slutten av oktober, blir Tafjord 5 kjørt hovedsakelig fra Smette (med stengt luke i Brusebotn). Tilsig i vintermånedene når en kjører Tafjord 5 fra Brusebotn vil derfor renne forbi inntaket.Det blir ingen vesentlige endringer i kraftstasjonen pga inntak av dette felt. Årstilsig og kraftproduksjon i Tafjord 5 vil øke med litt over 1%.*

### *Hoveddata*

| | | |
|---|---|---|
| *Nedbørfelt* | *$km^2$* | *1,5* |
| *Middelvannføring* | *l/s* | *75* |
| *Inntak på kote* | | *ca 1250* |
| *Tapperør, diameter* | *mm* | *ca 500* |
| *Tapperør, lengde* | *m* | *ca 900* |
| *Økt produksjon, årlig middel sommerkraft* | *GWh* | *3,6* |
| *Utbyggingskostnad* | *mill. kr* | *5,8* |
| *Utbyggingspris* | *kr/kWh* | *1,61* |

## *2.2. Teknisk plan for det søkte alternativ*

*Hydrologi og tilsig*

*Ut ifra avrenningskart for Norge i perioden 1969-90 samt målinger fra vassmerke 2523 Rødøla, og vurdering av produksjonsberegninger for Tafjord 5, har vi beregnet spesifikt avløp til 50 l/s/$km^2$ for feltet. Nedbørsfeltet er 1,5 $km^2$. Midlere tilsig blir 0,075 $m^3$/s, tilsvarende 2,4 mill $m^3$ pr år. Restvassføring, fordeling over året og alminnelig lavvassføring vurderes å være lite relevant. Dette begrunnes i pkt. 3.1. Vi har ikke data til å beregne alminnelig lavvassføring fra dette feltet. Men lenger nede i Rødalselva ligger Rødøla målestasjon med alminnelig lavvassføring 4,8 1/s $km^2$.*

*Reguleringer og overføringer*

*Mesteparten (ca 90 %) av tilsiget fra feltet på ca 1,5 km² blir overført fra bekkeinntaket i Øvre Koppane til Tafjord 5. Det blir ingen nye reguleringer som følge av dette prosjektet.*

*Inntak*
*Det blir bygd et bekkeinntak (inntaksdam/terskel i bekken) ca 200 meter ovenfor påhugg for tverrslagstunnel. Denne terskelen vil bli ca 2 meter høg og ca 10 meter lang.*

*Rørgate*
*Fra bekkeinntaket til tunnelpåhugget skal det legges ca 200 neter rør, og videre ca 700 meter rør i tunnelen til tverrslagsporten , der røret kobles til eksisterende tapperør av rustfritt stål som går gjennom betongpropp . Ute vil deler av rørgata bli nedgravd og deler vil bli lagt oppå bakken pga kupert terreng. Rørgata vil få en indre diameter på ca 500 mm.*

*Tunnel*
*Det blir ingen endringer i tunnelene som følge av dette prosjektet.*

*Kraftstasjonen*
*Det blir ingen endring i kraftstasjonen som følge av dette prosjektet.*

*Veibygging*
*Det blir ingen veibygging som følge av dette prosjektet.*

*Kraftlinjer*
*Det er ikke nødvendig med nye linjer da produksjonen vil foregå i eksisterende kraftverk.*

*Massetak og deponi*
*Det vil ikke være behov for massetak eller deponi.*

*Kjøremønster og drift av kraftverket*
*Det blir ingen vesentlig endring i kjøremønster for Tafjord 5. Produksjonen vil øke med litt over 1 %.*

## 2.3. Kostnadsoverslag

| ***Inntak av felt i Øvre Koppane*** | ***mill NOK*** |
|---|---|
| *Bekkeinntak* | *1,0* |
| *Vannveg* | *3,7* |
| *Uforutsett, 10 %* | *0,5* |
| *Planlegging, administrasjon* | *0,6* |
| *Sum utbyggingskostnader* | *5,8* |

## 2.4. Framdriftsplan

*Byggetida er beregna til ca 4 måneder.*

## *2.5. Fordeler ved tiltaket*

*Kraftproduksjon*
*Formålet med utbygginga er økt kraftproduksjon (ca 3,6 GWh) og dermed økte inntekter gjennom en bedre utnyttelse av vannressursene innenfor det eksisterende reguleringsområdet.*

## *2.6. Arealbruk , eiendomsforhold og offentlige planer*

*Arealbruk*
*Det er kun til bekkeinntaket og rørgata en vil båndlegge areal.*

*Eiendomsforhold*
*Tafjord Kraftproduksjon AS eier fallrettene og grunnen som blir berørt.*

*Samlet plan for vassdrag*
*Direktoratet for naturforvaltning har ved brev datert 30.01.02 gitt prosjektet unntak fra Samlet plan behandling.*

*Verneplaner, kommuneplaner og andre offentlige planer*
*Prosjektet ligger utenfor framlegg til grenser for både Reindalen landskapsvernområde, Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden landskapsvernområde. I arealdelen av kommuneplanen er området disponert til LNF- område.*

# *3. Virkning for miljø, naturressurser og samfunn*

## *3.1. Hydrologi*

*Med en planlagt overføringskapasitet på ca 500 l/s, vil bekken bli tørrlagt like nedenfor inntaket det meste av tiden. Ca 1,5 km lenger nede (nedenfor taubanestasjonen) går bekken sammen med flere andre bekker over i Rødalselva. Ved samløpet her vil restfeltet etter en utbygging være over 50 % av totalfeltet før utbygging. Rødalselva renn nedover via Rødalsvatna til Zakariasvatn. Tilsiget til Heiniste Rødalsvatn vil bli redusert med ca 7 % etter en utbygging.*

*Kurver som viser vassføringen på utbyggingsstrekningene før og etter utbyggingen i et vått, tørt og middels år vurderes å være lite relevant. Dette begrunnes med at feltet er lite og bekken stuper bratt nedover tipp/fjellside nedenfor inntaket før den renn inn i Rødalselva. Bekken er stort sett tørrlagt i vinterhalvåret.*

## *3.2. Vanntemperatur , isforhold og lokalklima*

*Det ventes ingen negative endringer i verken vanntemperatur, isforhold eller lokalklima ved en utbygging.*

## *3.3. Grunnvann , flom og erosjon*

*Det ventes ingen negative endringer for verken grunnvann, flom eller erosjon ved en utbygging.*

## *3.4. Biologisk mangfold og verneinteresser*

*En spesiell kartlegging av biologisk mangfold anser vi som unødvendig da feltet er lite, bekken stuper bratt nedover tipp/fjellside nedenfor inntaket og er tørrlagt også i dag i store deler av året.*

### *3.5. Fisk og ferskvannsbiologi*

*Det er ikke fisk i bekken.*

### *3.6. Flora og fauna*

*Det er allerede gjort en del inngrep i naturen i Øvre Koppane med tunnelpåhugg, tipp, taubane, garasje og kraftlinje. Inngrep som kommer i tillegg ved denne utbyggingen er et bekkeinntak ovenfor tunnelpåhugg, og en rørgate fra bekkeinntak til tunnel. Det ventes ingen vesentlige konsekvenser for verken flora eller fauna pga denne utbyggingen.*

### *3.7. Landskap*

*Det ventes ingen vesentlige konsekvenser for landskap ved en utbygging. Det er som beskrevet i forrige punkt allerede gjort en del inngrep i naturen her, og inngrep som kommer i tillegg ved denne utbyggingen er et bekkeinntak og en rørgate fra bekkeinntak til tunnelpåhugg. Bekkeinntaket vil bli lite synlig da det vil ligge i en kløft i terrenget, og rørtraséen må stelles til. I tillegg vil bekken bli tørrlagt nedenfor inntaket som beskrevet i punkt 3.1.*

### *3.8. Kulturminner*

*Det er ingen faste kulturminner som blir berørt av utbyggingen.*

### *3.9. Landbruk*

*Det ventes ingen konsekvens for landbruk ved en utbygging.*

### *3.10. Vannkvalitet, vannforsynings - og resipientinteresser*

*Det ventes ingen vesentlige virkninger for vannkvalitet, vannforsyning eller resipientforhold ved en utbygging.*

### *3.11. Brukerinteresser*

*Det ventes ingen vesentlige virkninger for ferdsel, jakt, fiske eller friluftsliv ved en utbygging. I anleggsområdet er det nesten ingen ferdsel av turister. Det meste av ferdselen i området går via taubanen, og er i jobbsammenheng for Tafjord Kraftproduksjon.*

### *3.12. Samfunnsmessige virkninger*

*En stor del av anleggsarbeidene forventes å gå til lokale entreprenører, både i Norddal kommune og i nærliggende kommuner. Økt produksjon i kraftverket vil bidra til å sikre Tafjord Kraftproduksjons arbeidsplasser i Tafjord. Tiltaket vil derfor gi økte skatteinntekter og sysselsetting i både anleggs- og driftsfasen.*

*Optimalisering av utnyttelsen av vannresursene innenfor eksisterende reguleringsområde må også regnes som positiv samfunnsmessig virkning.*

### *3.13. Konsekvenser av kraftlinjer*

*Produksjonen vil foregå i eksisterende kraftstasjon, og eksisterende kraftlinjer vil bli benyttet.*

***4. Avbøtende tiltak***

*Det må tilstelles etter at arbeidene er ferdige."*

Frå søknaden Nausthorn ved Smettevatn vert referert:

***"1.2. Grunngjeving for tiltaket***

*Tafjord Kraftproduksjon AS ønskjer å nytte tilsiget frå eit felt på ca 0,95 km2 mellom Nausthorn og Nedre Smettevatn i Veltdalen til kraftproduksjon ved å ta vatnet inn i Fremste Smettevatn som er inntaksmagasinet til kraftstasjonen Tafjord 5.*

*Formålet med utbygginga er økt kraftproduksjon og dermed økte inntekter gjennom ein betre utnytting av vassressursane innanfor det eksisterande reguleringsområdet.*

*Ei utnytting av dette feltet i Tafjord 5 er vurdert som gunstig av fleire grunnar:*

- *Tafjord Kraftproduksjon er grunneigar og har fallrettene*
- *Utbygginga kan gjerast utan at natur og miljø blir påverka i vesentlig grad*
- *Produksjonen vil skje i eksisterande kraftverk Tafjord 5.*
- *Prosjektet er tatt ut av Samla plan. Brev datert 30.01.2002, Direktoratet for Naturforvaltning.*

***2 Skildring av tiltaket.***

*2.1 Hovuddata*

*Det er planlagt å lage to små tersklar / dammar i to bekker, om lag på kote 1160 moh og kote 1200 moh. Ein vil nytte to kanalar, dels naturlege terrengformasjonar og dels utsprengt, til å føre vatnet over til Fremste Smettevatn. Den øvre kanalen vert om lag 145m lang, fordelt på 100 m før og 45 m etter ei tjørn. Det kan verte ønskeleg å senke tjørna litt. Kanalen vert omlag l m djup, men korte strekningar vert inntil 2 m djupe. Den nedre kanalen vert 60-70 m lang og djupna truleg omlag 1-3 m.*

*Det vert berre små endringar i produksjonen til Tafjord 5 pga inntak av dette feltet. Årleg tilsig og kraftproduksjon i Tafjord 5 vil auke med 0,95 %. Alt tilsig overført til Fremste Smettevatn vert nytta til produksjon i Tafjord 5.*

| | | |
|---|---|---|
| *Nedbørfelt* | *km²* | *0,95* |
| *Middelvassføring* | *l/s* | *58* |
| *Årleg avrenning frå feltet* | *mill. m³* | *1,74* |
| *Energiekvivalent Tafjord 5* | *kWh/m³* | *1,69* |
| *Økt produksjon, årleg middel Tafjord 5* | *GWh* | *3,0* |
| *Utbyggingskostnad* | *mill. kr* | *2,80* |
| *Utbyggingspris* | *kr/kWh* | *0,93* |

***2.2. Teknisk plan for det omsøkte alternativet***

*Hydrologi og tilsig*

*Ut frå avrenningskart for Norge i perioden 1969-90 samt måling frå vassmerke 2523 Rødøla,og vurdering av produksjonsberekningar for Tafjord 5, har vi berekna spesifikt avløp til 58 l/s km2 for dette feltet.*

*Nedbørsfeltet er 0,95 km². Gjennomsnittleg avrenning vert 0,056 m³/s, tilsvarande 1,74 mill. m³ pr år. Kurver som syner restvassføring, fordeling over året m.m. vert vurdert til å være lite relevant. Dette vert grunngjeve i pkt. 3.1.*

*Vi har ikkje data til å berekne alminneleg lågvassføring frå dette aktuelle feltet (0.95 km2). Lenger nede i Rødalselva ligger Rødøla målestasjon med alminneleg lågvassføring 4,8 l/s/km². Vi finn det lite relevant å ta omsyn til lågvassføring i dette tilfellet.*

*Reguleringar og overføringar*
*Alt tilsig frå det aktuelle feltet er planlagt overført til Fremste Smettevatn og til Tafjord 5. Det vert bygd to små dammar for å gjere denne overføringa mogleg. Den øvste dammen vert mellom 10 og 15 m. lang og under ein meter høg. Den nederste dammen vert plassert i ein trong, naturleg kanal i fjellet og vert om lag ein meter høg og vel ein meter brei.*

*Inntak*
*Ikkje relevant, vatnet vert ført i grøft / kanal.*

*Rørgate*
*Det vert ikkje bygd rørgate.*

*Tunnel*
*Det vert ingen endringar i tunnelane som resultat av dette prosjektet.*

*Kraftstasjonen*
*Det vert ingen endring i kraftstasjonen som resultat av dette prosjektet.*

*Vegbygging*
*Det vert ingen vegbygging som følgje av dette prosjektet.*

*Kraftlinjer*
*Det er ikkje nødvendig med nye linjer.*

*Masseuttak og deponi*
*Lausmassar frå dei to kanalane vert skjult i naturlege søkk i terrenget, og i samråd med NVE.*

*Kjøremønster og drift av kraftverket*
*Det blir ingen vesentlig endring i kjøremønster for Tafjord 5. Produksjonen vil auke med litt under 1 %.*

## 2.3. Kostnadsoverslag

| ***Inntak av felt Nausthorn til Smettevatn*** | ***mill. NOK*** |
|---|---|
| *Bekkeinntak/tersklar for kanalar* | *0,4* |

| | |
|---|---|
| *Vasskanalar* | *0,6* |
| *Rigg (helikoptertransport)* | *1,0* |
| *Uventa kostnader, 20 %* | *0,4* |
| *Planlegging, administrasjon* | *0,4* |
| *Sum utbyggingskostnader* | *2,8* |

***Framdriftsplan***
*Byggetida er berekna til ca 3 månader.*

## *2.4. Fordelar og ulemper ved tiltaket*

*Fordelen med utbygginga er å auke kraftproduksjonen (ca 3,0 GWh) og dermed auke i inntekter ved ei betre utnytting av vassressursane innanfor det eksisterande regulerings-området. Tiltaket gir 3 GWh elektrisk produksjon med svært låg utbyggingskostnad i eit område som er underskotsområde på elektrisk kraft. Ulemper er knytt til det estetiske. To små dammar / tersklar er tekniske installasjonar som kan verte synlege. Utsprengte kanalar vert og synlege på nært hold. Massedeponi vil verte skjult i terrenget.*

*Redusert vassføring i elva ved "Glupen", nedst i Veltdalen vert om lag 8 %. Her er nedbørsfeltet om lag 13 km$^2$ og det omsøkte feltet er på 0,95 km$^2$.*
*Nede ved Reindalsseter fjellstue vert reduseringa betydeleg mindre sidan store sidefelt som*
*Øvre Reindalen og Huldrekoppen, kvar på 13-14 km2, kjem inn i elva.*

## *2.5. Arealbruk og eigedomsforhold*

*Arealbruk*
*To små dammar / tersklar (maks 10 m2) og kanalar ( 210 m2) som vil bandlegge areal. Noko meir i anleggsperioden.*

*Eigedomsforhold*
*Fallretten og grunnen som ein vil nytte er eigd av: Ivar Rødal, 6213 Tafjord Svanhild Birkelid, 6213 Tafjord, Ålesund- Sunnmøre Turistforening, Keiser Wilhelmsgt 22, 6003 Ålesund. Avtale med grunneigarane vil verte framforhandla.*

*Samla plan for vassdrag*
*Direktoratet for naturforvaltning har ved brev datert 30.01.02 gitt prosjektet unntak frå Samla plan behandling.*

## *2.6. Forhold til kommuneplanar og nasjonale føringer*

*Tiltaket (dammar og kanalar) ligg utanfor grensene for både Reindalen landskapsvern-område, Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden landskapsvernområde.*

*I arealdelen av kommuneplanen er området disponert til LNF-område.*

## *2.7. Alternative utbyggingsløysingar*

*Ingen.*

## *3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn*

*3.1 Hydrologi*
*Med dei planlagde overføringskanalane, vil dei små bekkane nedanfor det omsøkte området bli tørrlagt i periodar utan regn og / eller snøsmelting. Nedslagsfeltet til Heimste Smettevatn vert redusert med ca 14 % etter ei utbygging. Fremste Smettevatn er regulert frå før. Alt tilsig til Heimste Veltdalsvatn og Fremste Veltdalsvatn vert overført til Fremste Smettevatn som er inntaksmagasin for Tafjord 5 når drifta ligg mot Veltdalen.*

*Kurver som syner vassføringa ut av nedslagsfeltet, før og etter utbygging i et vått, tørt og middels år, vert vurdert til å vere lite relevant.Dette vert grunngjeve med at dei to bekkane som renn ut av området og ned i Heimste Smettevatn stort sett er tørrlagt om vinteren (7-8 mnd). Dei har vassføring frå snøsmeltinga i området nedanfor tiltaket resten av året. I tillegg kjem avrenning frå nedbør som regn om sommaren. Restfeltet til desse bekkane er på om lag 0,16 km$^2$.*

### *3.2. Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima*
*Ein ventar ingen negative endringar i verken vasstemperatur, istilhøve eller lokalklima ved dette tiltaket.*

### *3.3. Grunnvatn, flom og erosjon*
*Ein ventar ingen negative endringar for verken grunnvatn, flom eller erosjon ved dette tiltaket.*

### *3.4. Biologisk mangfald og verneinteresser*
*Det området som vert påverka av denne reguleringa er svært lite. Arealet mellom nedslagsfeltet som vert regulert og Heimste Smettevatn er på om lag 0,16 km$^2$. Å kartlegge biologisk mangfald på dette avgrensa området ser vi som lite hensiktsmessig då dette er eit svært lite område med ein naturtype som dominerar store deler av fjellheimen med stort sett fjell og lite vegetasjon.*

### *3.5. Fisk og ferskvannsbiologi*
*Det er aure i begge Smettevatna. Ein ventar ingen konsekvensar for fisken ved å gjennomføre dette tiltaket.*

### *3.6. Flora og fauna*
*Floraen er svært fattig i det området nedanfor nedslagsfeltet som vert påverka av tiltaket. På Naturbase er det vist at området vert nytta til trekkveg og beiting for rein. Området er svært lite og utgjer ein liten del av ein svært vanleg naturtype i Tafjordfjella. Det er alt gjort ein del inngrep i naturen i Veltdalen med tappetunnel (Karitindfeltet til Fremste Smettevatn og Heimste- og Fremste Veltdalsvatn), dammar alle stadane, hytter og værstasjon. Inngrep som kjem i tillegg ved dette tiltaket er to små betongdammar og to åpne utsprengte kanalar i fjellet. Transport vil skje med helikopter. Ein ventar ingen vesentleg konsekvensar for flora eller fauna pga dette tiltaket.*

### *3.7. Landskap*

*Landskapet er, på barmark, dominert av svaberg og stein. Området ligg på om lag 1200 moh og barmarkperioden er kort ( juni /juli- september /oktober). Anleggsperioden vert i dette tidsrommet. Maskiner og utstyr vert transportert med helikopter. Dei to dammane i betong vil ein forsøke å gjere lite synlege. To små bekker som renn / stuper frå feltet i dag og ned i Heimste Veltdalsvatn , er synlege frå turiststien. Dei vil få lav vassføring etter at tiltaket er gjennomført.*

*Området har mange tekniske inngrep frå før. Fleire mindre enn ein kilometer i frå, og området er dermed utanfor klassifisering av "inngrepsfrie naturområder i Noreg" INON.*

### *3.8. Kulturminner*
*Det er ingen kjende kulturminne som vert påverka av tiltaket*

### *3.9. Landbruk*
*Det vert ingen konsekvens for landbruket ved dette tiltaket.*

### *3.10. Vasskvalitet, vassforsynings - og resipientinteresser*
*Ein ventar ikkje vesentlege verknader for vasskvalitet, vassforsyning eller resipientforhold ved dette tiltaket.*
*Ein ventar ingen verknader for ferdsel, jakt, fiske ved dette tiltaket. Verknad for friluftslivet kan verte at inngrepet kan være synleg. På motsatt side av anleggsområdet, på andre sida av Fremste Smettevatn, går turiststien mellom Reindalsseter og Veltdalen. Avstanden er på det minste om lag 400 m. Aktivitet i byggeperioden vert synleg. Dei ferdige anlegga (to små betong dammar) vil skilje seg lite ut frå landskapet elles, der stein og svaberg dominerar utsynet på barmark. Det er og andre tekniske inngrep i området i forbindelse med Tafjord Kraftproduksjon sine anlegg.*

### *3.12. Samiske interesser*
*Det er ingen samiske interesser i området.*

### *3.13. Reindrift.*
*Det er ikkje reindrift i området no. Villreinstammen i Reinheimen stammar frå reindrift på Skjåk sida som vart avvikla på 1960-talet. Desse dyra nyttar Veltdalen som trekk- og beiteområde.*

### *3.14. Samfunnsmessige verknader*
*Anleggsarbeidet er lite og vert truleg utført av lokale entreprenørar. Auka produksjon i Tafjord 5 bidreg positivt til å sikre Tafjord Kraftproduksjons arbeidsplassar i Tafjord. Tiltaket vil bidra positivt med tanke på skatteinntekter og sysselsetting i både anleggs- og driftsfasen. Optimalisering av vassresursane innanfor eksisterande reguleringsområde er positiv samfunnsmessig verknad, særleg i eit område med pressa kraftsituasjon.*

### *3.15. Konsekvensar av kraftliner*
*Ingen kraftliner.*

### *3.16. Konsekvensar ved brot på dammar og rør.*
*Dammane vil få lite volum og konsekvensane er ubetydelege.*

***3.17. Konsekvensar av ev. alternative utbyggings løysingar.***
*Dette er ingen naturlege, alternative løysingar.*

***4. Avbøtande tiltak***
*Overskotsmasse frå kanalar vil verte skjult i terrenget."*

**Høyring og distriktshandsaming**

Sakene er oversendt regionale og lokale styresmakter og regionale interesseorganisasjonar for uttale. NVE har motteke følgjande uttalar:

Øvre Koppane

**Norddal kommune,** e-post 27.10.2006:

> *"Saka har blitt lagt ut til offentleg ettersyn og ingen merknader kom inn, og heller ikkje kommunen har merknader til søknaden."*

**Møre og Romsdal fylke,** brev 10.01.2006:

> *"Automatisk freda kulturminne*
> *Viser til konsesjonssøknaden under punkt 3.8. Under kulturminne står det at "Det er ingen kulturminne som blir berørt av utbyggingen". Dette er direkte feil. I sjølve utbyggingsområdet ligg det ein registrert buplass. Buplassen er registret av Øystein Mølmen. Buplassen ligg innafor skissert utbyggingsområdet og ligg dermed i direkte konflikt. Kulturavdelinga må derfor på synfaring for å sjå nærare på omfanget av utbyggingen i forhold til buplassen. Om det er direkte konflikt må planane justerast eller endras.*
>
> *På bakgrunn av ein arkeologisk synfaring med eventuelt påfølgande registrering vil vi deretter gi vår uttale til konsesjonssøknaden. I samhøve til kulturminnelova § 9 og 10 plikter tiltakshavar å dekke utgiftene til ei slik undersøking. Området må vere snøfritt. Vi ber dykk ta kontakt for felle synfaring."*

Møre og Romsdal fylke har i brev av 03.03.2006 gjeve følgjande tilleggsuttale:

> *"Automatisk freda kulturminne*
> *Nye opplysningar innhenta av Frode Oksnes i Tafjord-Kraftproduksjon og Ivar M. Røldal gjer at vi trekker vårt krav om registrering. Opplysningane viser at det automatisk freda fornminne ligg 500 meter frå tiltaket. Vi trekker difor vår motsegn og registreringskrav i saka."*

**Bergvesenet**, brev 10.11.2005:

> *"Bergvesenet har gått gjennom det oversendte dokumentet og har ingen kommentarer til den omsøkte endringen."*

Nausthorn ved Smettevatn

**Norddal kommune,** e-post 05.12.2013:

> *"Tiltaket er innanfor eit område som allereie er sterkt påverka av kraftutbygging, og dei no omsøkte tiltaka blir lite dominerande i forhold til dei eksisterande. Tiltaket vil gje større utbytte av allereie etablerte anlegg, noko som i seg sjølv er positivt. Måten tiltaket blir utført på i anleggsfasen, sprenging og handtering av overskotsmasse vil vere avgjerande for sluttresultatet, og Norddal kommune set sin lit til at NVE sørgjer for god massehandtering og opprydding."*

**Møre og Romsdal fylkeskommune** har ikkje kome med uttale i saka.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal,** brev 22.10.2013:

> *"Inngrepa knytt til overføringa omfattar bygging/utsprenging av to kanalar på 145 og 70 m lengd. Dette vil finne stad i eit allereie etablert kraftreguleringsområde. Ei utfordring vil vere å plassere/arrondere sprengsteinen på beste måte for ikkje å påverke og redusere landskapsopplevinga i området. Vi har forventning om at dette vil finne stad på beste måte.*
>
> *Ut over dette har Fylkesmannen ingen særlege merknader til saka."*

**Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST),** e-post 13.11.2013:

> *"ÅST har hytte og ruter i det omsøkte området. Vi legger vekt på viktigheten av opprydding etter anleggsarbeidet og at det legges klopp over grøfter slik at det blir mulig å passere på andre siden opp mot Nausthornet. Anleggsarbeidet må legges opp slik at det ikke blir til problem for våre fotturister. Vi ser ellers ikke behov for å komme med ytterligere kommentarer da omsøkte prosjekt ligger i et område som allerede er svært påvirket av utbygging og kraftproduksjon."*

**Naturvernforbundet i Møre og Romsdal,** e-post 11.11.2013:

> *"Vi har forsøkt å få fylkesgeologen i tale, for å få vurdert eventuelle geologiske verdiar, men har ikkje lukkast. Det er jo slik at geologiske verdiar og fell inn under Naturmangfaldsloven sitt virkeområde.*
>
> *Kort frist, ugunstig årstid og nok av andre saker har gjort at det ikkje har vore mogleg for oss å ta ei synfaring i Veltdalen i haust. Vi får sette vår lit til at NVE finn ei gunstig plassering av den skutte steinmassa. Er det eit alternativ å dumpe ho i vatnet?*
>
> *Naturvernforbundet har fått referert fråsegna som er sendt frå ÅST, og vi vil med dette, på overtid, støtte opp om dei synspunkta dei har fremja."*

**Søkjar sine kommentarar til innkomne fråsegner**

<u>Øvre Koppane</u>

Tafjord Kraftproduksjon skriv i e-post av 20.10.2006 at dei ikkje har kommentarar til innkomne merknader til søknaden.

<u>Nausthorn ved Smettevatn</u>

Tafjord Kraftproduksjon kommenterer uttalane i brev av 02.01.2014:

> *"Vi merker oss at uttalane er positive til tiltaket og at dei set sin lit til at massehandtering / deponering vert utført på beste måte av Tafjord Kraftproduksjon AS.*
>
> *Tafjord Kraftproduksjon AS har stor fokus på miljøomsyn og opprydding ved inngrep i høgfjellet, og vil gjere sitt beste for at resultatet etter inngrepa ved dette tiltaket blir like tilfredsstillande som t.d. ved bygging av Via kraftverk."*

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader**

Søkjar

Tafjord Kraftproduksjon er eit heileigd dotterselskap av det offentleg eigde Tafjord Kraft der kommunane Ålesund, Norddal og Ørskog har ein eigardel på knapt 57 %. Resterande del er eigd av det offentleg eigde Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK).

Tafjord Kraftproduksjon har eigne kraftstasjonar på Sunnmøre i tillegg til medeigarskap i kraftanlegg i Romsdal og Ottadalen. Selskapet har ein gjennomsnittleg årleg kraftproduksjon på om lag 1,3 TWh.

Søknaden

Eitt av kraftverka i Tafjordvassdraget er Tafjord 5 der gjeldande reguleringskonsesjon er gitt ved Kgl.res. 24.06.1977.

Tafjord 5 ligg på omlag kote 450 og har to inntaksmagasin, Brusbotn kote 1272 og fremste Smettevatn kote 1154. Magasina vert tappa vekselvis til kraftverket.

Det vert søkt om planendring etter vassdragsreguleringslova for lokalfeltet Øvre Koppane for å føre dette inn på tilløpstunnelen til kraftverket Tafjord 5. Tilsiget frå Øvre Koppane kan overførast og lagrast i fremste Smettevatn.

Lokalfeltet Nausthorn ved Smettevatnet er fremja som krav om konsesjonspliktvurdering etter vassressurslova § 18. jf § 8.

På bakgrunn av at nedbørfeltet Nausthorn er planlagt overført til fremste Smettevatn med mogleg lagring av vatnet vurderer NVE også denne overføringa som ein søknad om planendring i høve til gjeldande reguleringskonsesjon. Fremste Smettevatn inngår som reguleringsmagasin i konsesjonen frå 1977 med 8 m regulering. Overføringa medfører ingen endring i reguleringa av Fremste Smettevatn.

Utbyggingsplanen

Øvre Koppane

Tilsiget frå det om lag 1,5 km$^2$ store nedbørfeltet vert teke inn med ein mindre terskel i bekkeløpet på ca kote 1250, og ført i 500 mm rør inn gjennom eksisterande tverrslagtunnel og kopla til tilløpsrøret til Tafjord 5. Total lengde på røret er om lag 900 m der om lag 200 m vert liggande i terrenget frå bekken og inn i tverrslagstunnelen.

Tilsiget frå Øvre Koppane vert teke inn på tilløpsrøret berre i dei periodane luka frå Brusebotnvatn er stengd som vil vere perioden primo mai – ultimo oktober.

Nausthorn ved Smettevatn

Tiltaket inneber bygging av to mindre tersklar i to bekkar om lag på kote 1160 og 1200. Frå tersklane vert vatnet ført dels i naturleg søkk i terrenget (fjell) og dels i utsprengd grøft/kanal. Det må sprengast to kanalar på om lag 145 og 70 m for å leie vatnet ned i Fremste Smettevatn.

Eigedomstilhøve

For Øvre Koppane opplyser Tafjord Kraftproduksjon at dei eig fallrettar og areal som vert påverka av tiltaket.

Vedrørande Nausthorn ved Smettevatn har selskapet i april 2014 inngått avtale med grunneigarane om areal for dei tekniske innretningane som er naudsynt for å gjennomføre omsøkt tiltak.

Kraftproduksjon og utbyggingskostnader

Det er utrekna tilleggsproduksjon i Tafjord 5 kraftstasjon på 3,6 og 3 GWh/år for høvesvis Øvre Koppane og Nausthorn ved Smettevatn der produksjonen i hovudsak er sommarkraft. Overføring av dei to felta vil samla auke årleg produksjon i Tafjord 5 med om lag 2 %.

Kostnaden er 5,8 mill kr (pr 2005) for øvre Koppane og 2,8 mill kr Nausthorn ved Smettevatn (pr 2008). Dette gjev ein utbyggingspris på høvesvis kr 1,61 og kr 0,93 pr kWh. Det må påreknast prisstigning for begge tiltaka, men dei vil likevel etter NVE si vurdering vere akseptable kostnadsmessig.

Forholdet til offentlege planar

Dei aktuelle nedbørfelta inngår i areal som i kommuneplanen for Norddal er lagt ut til LNF-område.

Store område av Tafjordfjella inngår enten i Reinheimen nasjonalpark, Reindalen landskapsvernområde eller Tafjorden landskapsvernområde. Ingen av dei planlagde inngrepa påverkar verneområda utover at vassføringa frå lokalfeltet Nausthorn vil bli teken bort frå den delen av Tafjorden landskapsområde som ligg nedstraums Heimste Smettevatn. Vassføringa i denne delen av landskapsvernområdet er sterkt redusert som følgje av reguleringa av Veltdalsvatna.

Fordelar og ulemper med tiltaket

Basert på informasjon i søknadene er fordelane i første rekke knytt til ein årleg auke i produksjonen av fornybar energi i Tafjord 5 kraftverk. Det vert også halde fram at auken vil kome i eit område med underskot av elektrisk kraft.

Utover ein reduksjon i vassføringa frå restfeltet til Tafjord 5 kraftverk, vil tiltaket særleg for Nausthorn ved Smettevatn medføre landskapsmessige verknader med etablering av tersklar og utsprenging av kanalar i eit fjellandskap.

## NVE sine kommentarar og vurdering av søknadene

### Vurdering av andre

Ingen av uttalepartane har merknader til søknaden for Øvre Koppane.

Nausthorn ved Smettevatn

Norddal kommune ser positivt på ei auka utnytting i eksisterande vasskraftsystem, og meinar tiltaket inngrepsmessig er marginalt i eit område som er sterkt påverka av kraftutbygging.

Fylkesmannen viser til at omsøkt tiltak er planlagt innanfor eit området som er påverka av kraftutbygging. Fylkesmannen har ikkje særlege merknader til tiltaket utover at utsprengd stein frå kanalane må plasserast slik at dei ikkje påverkar landskapsopplevinga i området.

Ålesund og Sunnmøre Turistforening legg vekt på at tiltaket vert gjennomført i tråd med dagens krav til anleggsavslutning og føreset tilrettelegging med klopper for fotturistar dersom dette vert naudsynt.

Naturvernforbundet Møre og Romsdal støttar Turistforeninga sine synspunkt.

### NVE si vurdering

Tafjord Kraftproduksjon søkjer om å føre to mindre nedbørfelt inn på eksisterande tunnelsystem for kraftverket Tafjord 5.

Nedanfor vil det først bli drøfta tekniske og hydrologiske forhold. Verknadene ved tiltaka blir vurdert under Naturmangfald.

Øvre Koppane
Det er ingen av uttalepartane som går i mot ei overføring av nedbørfeltet.

Nedbørfeltet med storleik om lag 1,5 $km^2$ ligg i høgfjellet i eit område med fleire tekniske anlegg knytt til eksisterande kraftutbygging.

Det hydrologiske grunnlaget for nedbørfeltet er basert på data frå offentleg avrenningskart, målestasjon i vassdraget og produksjonsdata frå Tafjord 5 kraftstasjon. Utrekna gjennomsnittleg tilsig på 75 l/s eller 2,4 mill $m^3$ bør såleis samsvare godt med faktisk avrenning. Om lag 90 % av årstilsiget kan overførast til tilløpstunnelen. Avrenninga frå nedbørfeltet skjer i hovudsak i sommarhalvåret der størstedelen av tilsiget er knytt til snøsmeltinga i perioden mai – juli. Etter snøsmeltinga vil bekkeløpet i lenger periodar av året framstå som tørt og det same gjeld for vinterhalvåret.

Tekniske inngrep i dagen omfattar bygging av terskel i bekkeløp og utsprenging/-graving av grøft for å legge om lag 200 m rør til eksisterande tverrslagsport. Dei resterande 700 m av røgata vil ligge inne i tverrslagstunnelen. Terrenginngrepa gjev etter NVE si vurdering små negative verknader for landskapet under føresetnad av eventuelle overskotsmassar frå utsprenginga får ei tilfredstillande arrondering i det kuperte fjellandskapet.

Nausthorn ved Smettevatn

Uttalepartane har ikkje innvendingar mot overføringa, men legg til grunn at overskotsmassar frå utsprenginga av kanalane vert arrondert på ein god måte.

Avrenninga i nedbørfeltet er rekna ut på same grunnlag som for Øvre Koppane og det er funne ei gjennomsnittleg avrenning på 56 l/s for nedbørfeltet, eller om lag 1,74 mill $m^3$/år.

På linje med Øvre Koppane kan avrenninga frå nedbørfeltet ved Nausthorn i periodar av året vere svært liten. Ein vesentleg del av tilsiget er knytt til snøsmelting i perioden mai – juli.

